



Vegard Meland
Melandsvegen 258
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/209 - 18/2088

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@meland.kommune.no

02.02.2018

Trong for tilleggsopplysningar Gbnr 14/1 Erstad - søknad om frådelling

Administrasjonen viser til søknad om løyve til frådelling av eksisterande våningshus på gbnr 39/2. Søknaden er journalført motteke 25.01.2018.

Planstatus:

Eigedomen gbnr 14/1 er ein landbrukseigedom som ligg i LNFR-område i kommuneplanen sin arealdel (KPA). Delar av eigedomen, mellom anna arealet som gjennom søknaden er omsøkt frådelt frå landbrukseigedomen, er avsett til LNFR-spreidd bustadområde i KPA (SB_3 –Erstad). Innanfor SB_3 opnar KPA gjennom kart og føresegner for oppføring av inntil 4 nye bueiningar på frådelt parcellar under føresetnad at tiltaket ikkje krev omdisponering av dyrka eller dyrkbar mark, jf føresegn 3.2 til KPA.

Kommuneplanen opnar derimot ikkje for frådelling av tomt som ligg på landbrukseigedomar og på dyrkbar mark. Dette er i strid med LNFR-formålet i KPA og krev dispensasjon. Dispensasjon krev grunnitt søknad, jf pbl § 19-2, og skal sendast på høyring. Deling av landbrukseigedom krev òg samtykke etter jordlova § 12.

Førebels tilbakemelding:

Føresetnadene for å behandle innsendt søknad om frådelling etter pbl § 20-1, bokstav m er ikkje tilstade. Søknaden kan ikkje behandlast før dispensasjonsspørsmålet er avklart.

Administrasjonen opplyser at det skal innhentas samtykke frå Landbruksmynde etter jordlova til frådelling av parsell på gbnr 14/1. Vi anbefaler å avklare forhold etter jordlova før man søker om dispensasjon frå kommuneplanen sine føresegner pkt.3.2 KPA.

Frist for innsending av opplysningar:

Administrasjonen ber om skriftleg tilbakemelding på ovanstående opplysningar innan **03.03.2018**.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Dersom det blir søkt om dispensasjon etter plan- og bygningslova og deling etter jordlova må dette opplyst særskilt og bli grunngitt i samsvar med krava i pbl § 19-2.

Vidare behandling av søknaden:

Saka ligg i ventearkiv til utløp av fristen 03.03.2018. Dersom vi ikkje høyrer noko innan fristen vil søknaden kunne bli tatt til behandling utan ytterlegare varsel. Det må då påreknast at søknaden blir avvist eller avslått.

Gebyr for behandlinga vil bli ettersendt i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.

Med helsing

Larissa Dahl
Konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Vegard Meland

Melandsvegen 258 5918

FREKHAUG